

Møteprotokoll

Utval: Fylkesutvalet
Møtestad: Fylkeshuset Molde, rom 700
Dato: 30.10.2023
Tid: kl 10:30 - 13:40

Faste medlemer som møtte:

Anders Riise

Anne Marie Fiksdal

Monica Molvær

Geir Asle Stenseth

Hans Olav Myklebust

Randi Walderhaug Frisvoll

Pål Farstad

Line Hatmosø Hoem

Geir Ove Leite

Marit Aklestad

Per Ivar Lied

Tove Henøen

Jonas Maas Nilsen

Funksjon

Fylkesordfører

Nestleiar

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Medlem

Representerer

H

FRP

H

FRP

FRP

KRF

V

AP

AP

SV

SP

SP

MDG

Frå sekretariatet:

Gunn Elin Nygård

konsulent

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:	
Toril Hovdenak	fylkeskommunedirektør
Gunn Randi Seime	ass. fylkeskommunedirektør
Magne Vinje	ass. samferdselsdirektør
Johnny Loen	plansamordnar
Gry Halvorsen	fagleiar regional planlegging
Inger Johanne Moene	kommunikasjonssjef
Kari Rundmo	rådgivar
Rakel Bruteig Wiig	koordinator seriøst arbeidsliv
Arild Kjersem	kst juridisk sjef

Fylkesutvalet sitt møte tok til 30. oktober 2023, kl 10:30, på fylkeshuset, Molde, møterom 700, under leingi av fylkesordførar Anders Riise (H).

Møtet vart sett med 13 medlemer.

Til innkallinga:

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

Til saklista:

Saklista vart godkjent utan merknader.

- Per Ivar Lied (SP) stilte spørsmål ved at sak RS 14/23 står på sakskartet som delegert sak. Han ba om at saka blir sett på sakskartet som politisk sak. Fylkesordførar Anders Riise (H) og rådgivar Kari Rundmo svarte på spørsmålet. Fylkesutvalet godkjente at referatsak RS 14/23 blir sett på sakskartet som sak PS 120/23

Saklista vart deretter godkjent.

Orienteringar:

- Fylkesutvalet si rolle som planutval etter plan- og bygningsloven ved fylkesplansjef Ingunn Bekken Sjøholm, plansamordnar Johnny Loen og fagleiar regional planlegging Gry Halvorsen

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Ikkje offentleg
PS-116/23	Høyring av KVVU green - reduserte utslepp av klimagassar på jernbane	
PS-117/23	Uttale til statsbudsjettet 2024 frå Møre og Romsdal fylkeskommune	
PS-118/23	Kandidatar til styret i det regionale helseforetaket	
PS-119/23	Kandidatar til styret i helseforetak i Midt-Norge	
PS-120/23	Store tap av lam til rovvilt i Møre og Romsdal i 2023	
RS-12/23	Status arbeid med seriøst arbeidsliv	
RS-13/23	Oppfølging av T-107/22 Økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett for 2023 - oversendingsframlegg frå Mellvin Steinsvoll (Ap)	
RS-14/23	Store tap av lam til rovvilt i Møre og Romsdal i 2023	
PS-121/23	Godkjenning av protokoll	

Møtet vart heva kl. 13:40

PS 116/23 Høyring av KVV green - reduserte utslepp av klimagassar på jernbane

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Fylkeskommunedirektøren si innstilling**

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak

- Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det snarast blir tatt ei avgjerd for kva miljøvenleg teknologi som skal brukast på Raumabanen, og ber om at utgreiingane held fram utan utsetjing til prosess med NTP 2029 - 2040.
- Fylkeskommunen ber vidare om at utgreiinga vert gjort på premiss som betre passar Raumabanen med si lengd og trafikkmengd.

Samferdselsutvalet, 25.10.2023 - 75/23

Vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det snarast blir tatt ei avgjerd for kva miljøvenleg teknologi som skal brukast på Raumabanen, og ber om at utgreiingane held fram utan utsetjing til prosess med NTP 2029 - 2040.
- Fylkeskommunen ber vidare om at utgreiinga vert gjort på premiss som betre passar Raumabanen med si lengd og trafikkmengd.

Kompetanse- og næringsutvalet, 26.10.2023 - 10/23

Vedtak:

- Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det snarast blir tatt ei avgjerd for kva miljøvenleg teknologi som skal brukast på Raumabanen, og ber om at utgreiingane held fram utan utsetjing til prosess med NTP 2029 - 2040.
- Fylkeskommunen ber vidare om at utgreiinga vert gjort på premiss som betre passar Raumabanen med si lengd og trafikkmengd.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

- Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det snarast blir tatt ei avgjerd for kva miljøvenleg teknologi som skal brukast på Raumabanen, og ber om at utgreiingane held fram utan utsetjing til prosess med NTP 2029 - 2040.
- Fylkeskommunen ber vidare om at utgreiinga vert gjort på premiss som betre passar Raumabanen med si lengd og trafikkmengd.

PS 117/23 Uttale til statsbudsjettet 2024 frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Høringsuttalelse statsbudsjett , foreslått av Monica Molvær, Høyre

Høringsuttale til statsbudsjett:

Både Møre og Romsdal fylkeskommune og næringslivet i fylket er hardt råka av dagens pristigning. Regjeringa har påført næringslivet rekordhøge ekstraavgifter i tillegg gjennom auke i skatt- og avgift, samtidig som alle ekstra kostnader for prisauke i straum, drivstoff, rente og prisvekst slår til.

Møre og Romsdal fylkeskommune er den store taparen i landet når det gjelder overføringar frå staten som viser en netto nedgang på 1%. I ei krevjande tid med høg rente, vil det slå hardt utover drifta til fylkeskommunen og gå utover vidaregåande skolar, ferje- og hurtigbåttilbod, rassikring, og drift- og vedlikehald av fylkesvegar.

Ca 50% av alvorlege ulukker som fører til hardt skadde og drepte i trafikken, skjer på fylkesvegar, der ca 30% skjer på grunn av dårleg vegstandard. Vi har et etterslep på vedlikehald av vegnett på 16 milliardar, og statsbudsjettet bidreg ikkje til å sikre vegane for innbyggjarar og næringsliv.

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgande innspel til statsbudsjett:

- * Skatte- og avgiftsnivå som regjeringa påfører næringslivet er skadeleg høgt, og forhindrar nye investeringar og ny verdiskaping
- * Den ekstra arbeidsgjevaravgifta som regjeringa innførte midlertidig, blir no vidareført. Det er ei stor belastning for alle kompetansearbeidsplassar i fylket
- * Etterslep på fylkesvegar må prioriterast, det blir vanskelegare å ta igjen etterslep når midlane ikkje kjem
- * Det er nok ein gong foreslått kutt for Runde Miljøsentar, det må stoppast. Dei treng driftstilskot på 4,5 mill årleg framover.

- * Atlanterhavsparken mista tilskott i fjorårets statsbudsjett og må komme inn igjen for å ivareta sin viktige posisjon
- * Lånegaranti til Ålesund Sjukehus kom altfor seint og har påført prosjektet økte kostnader i den unødige ventetida. Det kan også føre til at PET-CT skanneren som ble donert i gåve, kan bli tatt ut av drift og at innbyggjarane i Møre og Romsdal mistar eit kritisk tilbod. Kvar sekund er viktig i livskritiske situasjonar, og da er det å sende pasientar til Trondheim er både risikabelt og dyrt
- - *Kvar vart det av grunnrenteskatten som skulle gå til fylkeskommunane, vi ser ikkje igjen den i forslaget frå regjeringa. Møre og Romsdal er det største verdiskapningsfylket med havbruk og leverandørindustri. Mange arbeidsplassar har allereie gått tapt og bedrifter har gått konkurs som følgja av den nye skatten som regjeringa påførte næringa over natta.* * - Pengane kjem ikkje ut igjen til den delen av landet som skapar verdiane.
- - Rassikring er framleis eit forsømt kapittel trass ein liten auke, store uløyste prosjekt og livsfarlege vegar
- - Det må løyvast meir midlar til Nye Veier for å kunne utbetre E136 Vestnes-Dombås
- - Finansiering av ferje og h-båt må aukast, no nyttar vi andre midlar for dekke opp dei reelle kostnadane
- - Vi treng meir satsing på FoU
- - Vidareføre arbeidet med Stad skipstunnelen som er klar for utlysing og ha realistisk finansiering for gjennomføring av prosjektet
- - Soningssenter på Digerneset må prioriterast. Manglande tilbod påfører politidistriktet unødig mykje kostnadar og det er ikkje noko tilbod for kvinner som må sone
- - Det blir foreslått kutte i støtte til dei private grunnskulane, det vil føre til at mange friskular står i fare for å bli nedlagt. Det vil vil gå utover mangfaldet og valfridom til elevane som ønskjer andre alternativ
- - Stoppe regjeringas foreslåtte kutt i barnetrygda
- - Fagskoletilbodet er viktig for å sikre kompetanse til næringslivet
- - Det er viktig for reiselivet at det jobbast vidare med Kystpilgrimsleia
- - RV 15 Strynefjellet får ikkje planleggingsmidlar. Vi treng 10 mill. til vidare planlegging i 2024 og prosjektet må komme inn igjen i NTP
- - E39 – Veibubstkrysset – er et livsfarleg kryss og er ferdig regulert, det må få midlar til realisering
- - E39 Asta – Bjerkeset – må ha planlegging/oppstartsmidlar for å komme vidare med strekninga
- - Aure-Hitra må bli eit statleg pilotprosjekt

Innspel statsbudsjett, foreslått av Line Hatmosø Hoem, Arbeiderpartiet

Innleiing

Arbeidarpartiet si fylkestingsgruppe i Møre og Romsdal syner til framlegget til statsbudsjett for 2024.

Statsbudsjettet vert lagt fram i ei uroleg tid med store utfordringar og bekymringar, òg for folk i vårt fylke. Etterverknadar av pandemien, krig og aukande levekostnadar har gjort kvardagen meir krevjande for mange. Då er politikken si viktigaste oppgåve å bidra til trygg økonomisk styring. Slik at folk har jobb å gå til, at prisveksten vert dempa, og at vi har gode velferdsordningar som sikrar dei som treng det mest.

Desse grunnleggjande føresetnadane leverer regjeringa på. Statsbudsjettet inneheld ei lang rekkje politiske forslag som vil vere viktige for å betre folk sin kvardagsøkonomi i året som kjem: Straumstøtte til hushaldningar, betydeleg redusert pris på barnehage og SFO, auka studie- og bustønad, og mindre inntektsskatt for personar med låge og middels inntekter.

Ungdomsgarantien som sikrar alle under 30 år arbeid, utdanning eller opplæring er føreslått vidareført, og det vert satsa på arbeidsmarknadstiltak og arbeidsorienterte ordningar for unge uføre. Arbeidsfolk med lang reiseavstand skal betale mindre skatt, og fagforeiningsfrådraget er dobla sidan regjeringa tok over.

Dette er politikk som er viktig for folk i Møre og Romsdal, og som det er viktig å samle breitt fleirtal om i Stortinget når budsjettet skal behandlast.

Samtidig er det ikkje tvil om at framlegget til statsbudsjett har forbettringspotensial.

Arbeidarpartiet vil trekkje fram fire område som må prioriterast, slik at fylkeskommunen kan levere betre tenester til innbyggjarane: *Fylkeskommuneøkonomien, samferdselssektoren, utdanning og næringsutvikling, samt kultur og folkehelse.*

Fylkeskommuneøkonomien må styrkjast

Møre og Romsdal fylkeskommune har ein anstrengt økonomi, og for å kunne levere dei tenestene innbyggjarane treng, må økonomien betrast. Sjølv om det nye inntektssystemet for fylkeskommunane vil slå positivt ut for Møre og Romsdal fram i tid, er ikkje dei frie inntektene i framlegget for 2024-budsjettet tilstrekkelege. Reelt sett får Møre og Romsdal negativ vekst i inntektene til neste år, noko som vil utfordre nivået på tenestene. Statsbudsjettet for 2024 viser at den nominelle veksten for Møre og Romsdal er på 3,3%. Samanliknar vi med den kommunale deflatoren får Møre og Romsdal ein nedgang på om lag ein prosent. Dette fører til blant anna at etterslepet på dei fylkeskommunale vegane vil auke. Arbeidarpartiet si fylkestingsgruppe oppmodar difor fleirtalet på Stortinget til å styrkje fylkeskommuneøkonomien ytterlegare gjennom budsjettforhandlingane.

Behov for auka midlar til samferdsel

Gode løysingar for samferdsel er viktig for å bygge fylket og folket tettare saman gjennom sterke bu- og arbeidsmarknadsregionar. For Møre og Romsdal er det viktig at folks daglege transportetappar er trygge, velfungerande og miljøvennlege. Næringslivet og det offentlege er også avhengig av god infrastruktur som vegar og ferjer, buss og båt for å transportere varer, tenester og arbeidsfolk. Næringslivet er avhengig av gode og trygge transportårar ut av fylket. Møre og Romsdal har eit stor etterslep på fylkesvegnettet og fylket treng auka midlar til vedlikehald av fylkesvegane for å redusere vedlikehaldsetterslepet som ikkje er blitt

kompensert etter at fylkeskommunane fekk ansvaret for vegane i 2010. Vi forventar at det blir laga ein forpliktande plan for vedlikehaldetterslepet

Møre og Romsdal ber om auka midlar til opprusting og fornying av fylkesvegnettet. Tilskotet til fylkesvegar vert ikkje kompensert for prisveksten og vi treng auka midlar for å dekke pris- og lønnskostnadar for 2022. Fylkestinget i Møre og Romsdal er sterkt uroa over dette.

I statsbudsjettet vidarefører ein satsinga på attraktive og klimavennlege byar og regjeringa foreslår å løyve totalt 7,5 milliardar kroner. For dei mindre byområda, som blant anna Ålesund er ein del av, blei det for statsbudsjettet for 2023 løyvd til saman 30 millionar kroner. Ordninga er foreslått vidareført på same nivå i 2024. Dersom dei mindre byområda og distrikta skal bidra til det grøne skiftet, må ein auke denne summen i statsbudsjettet for 2024.

Møre og Romsdal fylke er nøgd med at regjeringa kjem med framlegg på 160 millionar i rentekompensasjon for ferjeavløysingsprosjektet Nordøyvegen. Det er ein sterk motivasjon for å kunne satse på liknande prosjekt i framtida, og for eit ferjefylke som Møre og Romsdal vil det skape større attraktivitet og sikre busettinga og næringslivet i fylket.

Vi er også nøgd med auka tilskot til ras- og skredsikring i budsjettet for 2024. For Møre og Romsdal er dette ein auke på 33%. Dette er særst viktig då klimaendringane dei siste åra viser at ein får fleire døme på ekstremver der vegar blir stengt pga av ras og skred. Blant anna har ekstremveret Hans ført til godstrafikken på tog på E136 gjennom Romsdalen er stengt. Vi er sterkt uroa for at dette blir langvarig og vi må ha auka fokus på ras- og skredsikring

Kompetanse og næringsutvikling treng eit løft

Møre og Romsdal har ein gjennomføringsgrad på 87,4 % og som er høgst i landet. Den nye opplæringslova gir alle elevar rett til å fullføre vidaregåande skule, og kan bidra til å styrke gjennomføringa. Dette er eit historisk løft, og det er positivt at vi får 16 mill. til å gi elevane i Møre og Romsdal moglegheit til fullføring.

Det er også positivt at fylka får auka løyvingar for å kvalifisere og formidle fleire læreplassar. Fagskulane i fylka får også auka løyve på 28,2 mill. for 500 fleire studieplassar. Det er stort behov for desse løfta for industrifylket Møre og Romsdal

Ein aktiv næringspolitikk er viktig for Møre og Romsdal. Regionalt forskningsfond er ein viktig del av dette, i 2023 fekk Møre og Romsdal tildelt 10 million på denne posten som vi fordelte på prosjekt. Fondet er foreslått nedlagt fra 2024, noko som vil føre til redusert forsknings- og innovasjonsarbeid i vår region. Vi ber regjeringa opprettholde midlana. Dette er midlar som er særst viktige for næringslivet i Møre og Romsdal.

Uttesting av turistskatt/besøksbidrag er viktig for turist- og verdsarvfylket Møre og Romsdal. Vi forventar at regjeringa kjem raskt tilbake med eit heilskapleg forslag på området, og vi ønsker å delta aktivt i utprøvinga.

I tildelingar frå klima- og miljødepartementet er berre vidareføring av midlar til generellvassforvaltning omtalt. Arbeiderpartiet har store ambisjonar for miljø- og klimaarbeid i fylket, og hadde forventa støtte satsingar frå dette departementet.

Marine grunnkart er viktig for kyst- og fjordfylket Møre og Romsdal. Det ligg ikkje inne midlar til marine grunnkart i denne omgang, vi oppfordrar sterkt til at regjeringa innfrir denne viktige satsinga.

Innanfor næringspolitikken har Regjeringa m.a. løyvd 15 mrd. meir til grønt industriløft nasjonalt (garantiar, lån, eigenkapital og tilskot), 220 mill til grunderpakke for oppstartsbedrifter, 100 mill. til næringsretta forskning på grøen omstilling og 150 mill. til å følgje opp regjeringas vegkart for helsenæringa (bl.a. eksport). Det er forventta at næringslivet i Møre og Romsdal blir sett og prioritert i dette industri- og næringsløftet.

God folkehelse og satsing på kultur

Fylkestinget forventar at utvidinga av retten til tannhelsetilbod blir fulgt opp med auka overføringar til fylkeskommunen, i samband med Tannhelseutvalget sitt arbeid som kjem i 2024. Fylkestinget er bekymra for kutt i verdiskapingsprogrammet på kulturfeltet, og dermed kutt i verdiskapingsprogrammet "Ein bit av historia".

Det er foreslått å flytte finansiering av Ung Kultur Møtes (UKM) frå statsbudsjettet til Spelemiddelordninga. Finansiering over spelemiddelordninga for stadig fleire kulturtiltak er ikkje heldig, og blir oppfatta som uføreseieleg av mellom anna frivillig sektor. Midlar til kulturarenaer over ordninga må også få eit større fokus. Ein større gjennomgang av porteføljen i spelemiddelordninga må settast i verk.

Driftsbudsjetta til dei profesjonelle kulturinstitusjonane treng sårt eit løft etter ei tid med effektiviseringskutt og manglande kompensasjon for løns- og prisauke.

Innspel statsbudsjettet, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Samferdsel

- ☒ Vedlikehold Fylkesveier: Nasjonalt fylkesvegløft, enormt etterslep generelt vedlikehold, skredsikring, broer, kaier, tunnellsikring, staten har stort ansvar
- ☒ Bidra til nytt fergesamband mellom Aure-Hitra
- ☒ Stadt skipstunnel må følges opp vidare av staten
- ☒ Skredsikring må styrkes
- ☒ Ferjefinansiering – nasjonale fordelingsnøkkelen må justeres bl.a. for å ivareta næringsliv langs kysten.

Kultur

- ☒ Rentekompensasjon for Normoria (kultur-, museum- og operahus)
- ☒ Kystpilgrimsleia – fullfinansieres i tråd med langtidsplanen for den nasjonale pilgrimssatsningen.
- ☒ Anders Svoor- musset (Viti) Kompensasjon for overføring fra Musea i Sogn og fjordane til Viti
- ☒ Skjærgårdstjenesten (Sunnmøre friluftsråd) Kompensere for drift av skjærgårdstjenesten for ekstraordinær pris og lønnsvekst.)
- ☒ Gi full momskompensasjon gjennom ei regelstyrt ordning til idrett, frivillighet og kultur.

Næring

- ☑ legge til rette for auka vasskraftproduksjon
- ☑ Auka støtte/større kapasitet i NVE til behandling av kons.søknader, og til Mattilsynet (fiskeeksport) og veterinærordningar (i distrikta)
- ☑ Statlig støtte for klima og ENØK- midler til fylkeskommunen.
- ☑ Statlig tilskudd til å etablere knutepunkt for ladestasjoner (bil, båt, ferge)
- ☑ Kommunale næringsfond styrkes
- ☑ Oppretthalde og styrke regionale forskingsfond (RFF)
- ☑ Komme i gang med pilotprosjekt for besøksbidrag (Turistskatt) i 2024, i MR gjeld det Geirangerfjorden verdsarvområde.
- ☑ Landbruk – Opptrappingsplan må på plass
- ☑ Tilskudd til NORSØK

Utdanning/kompetanse

- ☑ Forsterke virkemidlene for universell utforming.
- ☑ Statleg støtte/insentiv for etablerarkurs/veiledning til ukrainske flyktningar.
- ☑ Øke finansieringen av fleksible og desentraliserte etter- og viderutdanningstilbud.
- ☑ Styrke overføring til fylket for drift av vg skoler samt investering materiell/utstyr
- ☑ Økt statleg finansieringsdel av fagskolene.

Viderefør klimasats - oppdatert forslag, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Forslag:

Klimasats er en viktig ordning for kommunene i Møre og Romsdal. Kuttet av ordningen må derfor reverseres og ordningen må videreføres.

Begrunnelse:

Siden 2016 har Klimasats-ordningen bidratt med nesten 67 millioner kroner til 130 prosjekter knyttet til bærekraftsarbeid og grønn omstilling i Møre og Romsdal. Blant annet har midlene gått til interkommunalt samarbeid på Nordmøre, kartlegging av klimavennlige løsninger til ny ungdomsskole i Volda, anskaffelse av elektriske maskiner til kommunalt vedlikehold i Molde, reduksjon av matsvinn i Ålesund kommune, ladeinfrastruktur i små og store kommuner over hele fylket – for å nevne bare noe.

I forslaget til statsbudsjett for 2024 foreslår regjeringen å avvikle Klimasats. Det har vakt reaksjoner langt utenfor miljøorganisasjonenes rekke. Avisa Nationen, Kommunesektorens organisasjon KS og den politiske ledelsen i flere fylkeskommuner er blant dem som har krevd at ordningen videreføres. Arbeidsgiver- og interesseorganisasjonen Samfunnsbedriftene omtaler forslaget som «en knyttneve i ansiktet på tusenvis av lokale klimaprosjekter».

Omstillingen til lavutslippssamfunnet gir Møre og Romsdal utfordringer, men også store muligheter, i årene som kommer. Klimasats har til nå vært et viktig verktøy for å skape mer bærekraftige lokalsamfunn til beste for både innbyggere, næringsliv og miljø.

Klimasats er i praksis den eneste statlige ordningen for grønn omstilling i kommunene. Møre og Romsdal fylkeskommune anmoder Stortinget på det sterkeste om å videreføre Klimasats-ordningen i statsbudsjettet for 2024.

SV, foreslått av Marit Aklestad, SV - Sosialistisk Venstreparti

2 mill i årlege driftsmidlar til Anders Svor-museet i Viti

Skulpturmuseet og skulpturparken Anders Svor-museet i Hornindal i Volda kommune kom til Viti som følgje av regionreforma. For at Viti skal kunne drifte Anders Svor-museet vidare, trengst det varige driftstilskot på 2 mill. kr årleg, øymerka til dette frå staten.

SV - trekt , foreslått av Marit Aklestad, SV - Sosialistisk Venstreparti

RFF må ikkje avviklast, men styrkast

Regjeringa føreslår å avvikle Regionale forskingsfond (RFF) – eit virkemiddel som over tid har vist å vere målretta for å mobilisere og kvalifisere nye bedrifter og kommunar til forskning. RFF når mindre bedrifter og kommunar, sørger for raskare søknadsbehandling enn nasjonale virkemidlar, og støttar dermed opp under behovet for rask innovasjonstakt. Avvikling av RFF vil gi mindre forskning, bremse innovasjonstakta og føre til at forskningsinnsatsen blir konsentrert til dei største bedriftene, kommunane og forskingsmiljøa. RFF må ikkje avviklast, men styrkast.

2 mill i årlege driftsmidlar til Anders Svor-museet i Viti

Skulpturmuseet og skulpturparken Anders Svor-museet i Hornindal i Volda kommune kom til Viti som følgje av regionreforma. For at Viti skal kunne drifte Anders Svor-museet vidare, trengst det varige driftstilskot på 2 mill. kr årleg, øymerka til dette frå staten.

500 000 kr til Kavli Moen Gård - Romsdalsmuseet

Romsdalsmuseet tek frå 1/1-24 over Kavli Moen Gård i Eresfjord. Senteret har i Fred Kavli si ånd hatt fokus på forskning, blant anna ved å arrangere Kavli-instituttet ved NTNU sin sommarskule. I tillegg har senteret eit fokus på entreprenørskaps-historie og entreprenørskapstenking. Kulturhistorisk er dette ein viktig del av regionen si historie. Romsdalsmuseet har behov for eit auka årleg driftstilskot på kr 500 000,- til formålet.

5,4 mill til Runde Miljøsentra

Runde Miljøsentra har ein særdeles viktig funksjon for forskning, kunnskapsinnhenting og formidling av livet i havet og på kysten. Kuttforslag frå regjeringa vil setje arbeidet mange steg attende, i eit tid då dette aldri har vore viktigare. Runde miljøsentra bidreg med kunnskap på eitt av dei områda regjeringa prioriterer høgast: hav, kyst, miljø og energi. Samanhengen

mellom den dramatiske nedgangen i talet på sjøfugl og det som skjer i havet er det berre Runde miljøsender som forskar på. Forskarar ved senteret er involvert i forskning på sameksistens mellom havvind og fiskeri, og ein hatil r vore pådrivar for kartlegging av havbotnen og fjordane med Marine grunnkart.

Tett samarbeid med mellom anna Havforsknings-instituttet, NTNU, NINA, fiskerinæringa og den maritime industrien på Sunnmøre gjev unike mulegheiter for desentralisert forskning på kystøkologi i eit nasjonalt og internasjonalt nettverk. Auka kunnskap om dette viktige området. I tillegg ligg senteret midt i smørauget, nær både havet og fuglefjellet.

Runde miljøsender driv med viktig forskning i dag, og har som mål å vidareutvikle eit senter for kystøkologi. Det er svært viktig at ein har tilgang til den desentraliserte forskingskompetansen som Runde Miljøsender har både med omsyn til arealplanlegging og forvaltning av naturressursar. Møre og Romsdal fylkeskommune ber difor på det sterkaste om at det i endeleg statsbudsjett for 2024 vert sett av minst 5,4 mill kr til Runde miljøsender på Kap 1420 Post 85 Besøkscenter for natur og verdsarv.

Votering nr 6 - Votering over forslag

Forslag: **Høringsuttalelse statsbudsjett**

Monica Molvær (H), Andre parti: FRP, H, KRF, V

For: 9 stemmer (69%) - FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SV 1, V 1

Mot: 4 stemmer (31%) - AP 2, SP 2

Votering nr 5 - Votering over forslag

Forslag: **SV**

Marit Aklestad (SV)

For: 12 stemmer (92%) - AP 2, FRP 2, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 1 stemme (8%) - FRP 1

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **Viderefør klimasats - oppdatert forslag**

Jonas Maas Nilsen (MDG)

For: 10 stemmer (77%) - AP 2, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 3 stemmer (23%) - FRP 3

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Innspel statsbudsjett**

Line Hatmosø Hoem (AP)

For: 2 stemmer (15%) - AP 2

Mot: 11 stemmer (85%) - FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Innspel statsbudsjettet**

Per Ivar Lied (SP)

For: 2 stemmer (15%) - SP 2

Mot: 11 stemmer (85%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SV 1, V 1

Votering nr 1 - Votering over forslag Ny votering nr 2

Vedtak

Høringsuttale til statsbudsjett:

Både Møre og Romsdal fylkeskommune og næringslivet i fylket er hardt råka av dagens prisstigning. Regjeringa har påført næringslivet rekordhøge ekstrautgifter i tillegg gjennom auke i skatt- og avgift, samtidig som alle ekstra kostnader for prisauke i straum, drivstoff, rente og prisvekst slår til.

Møre og Romsdal fylkeskommune er den store taparen i landet når det gjelder overføringar frå staten som viser en netto nedgang på 1%. I ei krevjande tid med høg rente, vil det slå hardt utover drifta til fylkeskommunen og gå utover vidaregåande skolar, ferje- og hurtigbåttilbod, rassikring, og drift- og vedlikehald av fylkesvegar.

Ca 50% av alvorlege ulukker som fører til hardt skadde og drepte i trafikken, skjer på fylkesvegar, der ca 30% skjer på grunn av dårleg vegstandard. Vi har et etterslep på vedlikehald av vegnett på 16 milliardar, og stasbudsjettet bidreg ikkje til å sikre vegane for innbyggjarar og næringsliv.

Møre og Romsdal fylkeskommune har følgande innspel til statsbudsjett:

- * Skatte- og avgiftsnivå som regjeringa påfører næringslivet er skadeleg høgt, og forhindrar nye investeringar og ny verdiskaping
- * Den ekstra arbeidsgjevaravgifta som regjeringa innførte midlertidig, blir no vidareført. Det er ei stor belastning for alle kompetansearbeidsplassar i fylket

- * Etterslep på fylkesvegar må prioriterast, det blir vanskelegare å ta igjen etterslep når midlane ikkje kjem
- * Det er nok ein gong foreslått kutt for Runde Miljøsentar, det må stoppast. Dei treng driftstilskot på 4,5 mill årleg framover.
- * Atlanterhavsparken mista tilskott i fjorårets statsbudsjett og må komme inn igjen for å ivareta sin viktige posisjon
- * Lånegaranti til Ålesund Sjukehus kom altfor seint og har påført prosjektet økte kostnader i den unødige ventetida. Det kan også føre til at PET-CT skanneren som ble donert i gåve, kan bli tatt ut av drift og at innbyggjarane i Møre og Romsdal mistar eit kritisk tilbod. Kvant sekund er viktig i livskritiske situasjonar, og da er det å sende pasientar til Trondheim er både risikabelt og dyrt
- - *Kvar vart det av grunnrenteskatten som skulle gå til fylkeskommunane, vi ser ikkje igjen den i forslaget frå regjeringa. Møre og Romsdal er det største verdiskapningsfylket med havbruk og leverandørindustri. Mange arbeidsplassar har allereie gått tapt og bedrifter har gått konkurs som følgja av den nye skatten som regjeringa påførte næringa over natta.* * - Pengane kjem ikkje ut igjen til den delen av landet som skapar verdiane.
- - Rassikring er framleis eit forsømt kapittel trass ein liten auke, store uløyste prosjekt og livsfarlege vegar
- - Det må løyvast meir midlar til Nye Veier for å kunne utbetre E136 Vestnes-Dombås
- - Finansiering av ferje og h-båt må aukast, no nyttar vi andre midlar for dekke opp dei reelle kostnadane
- - Vi treng meir satsing på FoU
- - Vidareføre arbeidet med Stad skipstunnelen som er klar for utlysing og ha realistisk finansiering for gjennomføring av prosjektet
- - Soningscenter på Digerneset må prioriterast. Manglande tilbod påfører politidistriktet unødig mykje kostnadar og det er ikkje noko tilbod for kvinner som må sone
- - Det blir foreslått kutte i støtte til dei private grunnskulane, det vil føre til at mange friskular står i fare for å bli nedlagt. Det vil vil gå utover mangfaldet og valfridom til elevane som ønskjer andre alternativ
- - Stoppe regjeringas foreslåtte kutt i barnetrygda
- - Fagskoletilbodet er viktig for å sikre kompetanse til næringslivet
- - Det er viktig for reiselivet at det jobbast vidare med Kystpilgrimsleia
- - RV 15 Strynefjellet får ikkje planleggingsmidlar. Vi treng 10 mill. til vidare planlegging i 2024 og prosjektet må komme inn igjen i NTP
- - E39 – Veibubstkruset – er et livsfarleg kryss og er ferdig regulert, det må få midlar til realisering
- - E39 Asta – Bjerkeset – må ha planlegging/oppstartsmidlar for å komme vidare med strekninga
- - Aure-Hitra må bli eit statleg pilotprosjekt

2 mill i årlege driftsmidlar til Anders Svor-museet i Viti

Skulpturmuseet og skulpturparken Anders Svor-museet i Hornindal i Volda kommune kom til Viti som følgje av regionreforma. For at Viti skal kunne drifte Anders Svor-museet vidare, trengst det varige driftstilskot på 2 mill. kr årleg, øyremærka til dette frå staten.

Klimasats er en viktig ordning for kommunene i Møre og Romsdal. Kuttet av ordningen må derfor reverseres og ordningen må videreføres.

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

PS 118/23 Kandidatar til styret i det regionale helseforetaket

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Forslag til kandidatar, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Forslag kandidatar til det regionale helseforetaket

Kristin Sørheim

Jan Ove Tryggestad

Forslag kandidater, foreslått av Monica Molvær, Høyre

Møre og Romsdal

Harry Valderhaug

Oskar Grimstad

Ove Økland

Torill Ytreberg

Gerd Marit Langøy

Korrigert forslag, foreslått av Monica Molvær, Høyre

Møre og Romsdal

Harry Valderhaug

Oskar Grimstad

Torill Ytreberg

Gerd Marit Langøy

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Korrigert forslag**

Monica Molvær (H)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Forslag til kandidatar**

Per Ivar Lied (SP)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak

Forslag kandidatar til det regionale helseforetaket

Kristin Sørheim

Jan Ove Tryggestad

Harry Valderhaug

Oskar Grimstad

Torill Ytreberg

Gerd Marit Langøy

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

PS 119/23 Kandidatar til styret i helseforetak i Midt-Norge

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Forslag styrekandidatar helseforetaket Midt-Norge, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Forslag kandidatar til helseforetaket

Kristin Sørheim

Jan Ove Tryggestad

Forslag gkandidater, foreslått av Monica Molvær, Høyre

Midt-Norge

Fredrik Møller-Christensen

Harald Tom Nesvik

Elisabeth Slotsvik Kleive

Signy Starheim

Forslag kandidat, foreslått av Geir Ove Leite, Arbeiderpartiet

Ove Økland og han har sagt ja

Korrigert forslag, foreslått av Monica Molvær, Høyre

Midt-Norge

Fredrik Møller-Christensen

Harald Tom Nesvik

Elisabeth Slotsvik Kleive

Signy Starheim

Ove Økland

Votering nr 2 - Voting over forslag

Forslag: **Forslag styrekandidatar helseforetaket Midt-Norge**

Per Ivar Lied (SP)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 1 - Voting over forslag

Forslag: **Korrigert forslag**

Monica Molvær (H)

For: 13 stemmer (100%) - AP 2, FRP 3, H 2, KRF 1, MDG 1, SP 2, SV 1, V 1

Mot: 0 stemmer (0%)

Vedtak

Midt-Norge

Fredrik Møller-Christensen

Harald Tom Nesvik

Elisabeth Slotsvik Kleive

Signy Starheim

Ove Økland

Kristin Sørheim

Jan Ove Tryggestad

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Saka blir lagt fram utan innstilling.

PS 120/23 Store tap av lam til rovvilt i Møre og Romsdal i 2023

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Forslag til vedtak, foreslått av Per Ivar Lied, Senterpartiet

Fylkesutvalet viser til vedlagte notat om situasjonen for beitenæringa i fylket og det ekstraordinært store tapet av sau og lam på grunn av freda rovvilt i kommunane Rauma, Fjord og Tingvoll. Tapa har vore store over fleire år, og ingen iverksette tiltak har betra situasjonen og redusert konfliktnivået.

Fylkesutvalet er kjent med innspel frå næringa og enkeltkommunar til arbeidet med ny forvaltningsplan.

Fylkesutvalet ber krev at Rovviltnemnda i region 6 – i samband med revidering av forvaltningsplanen

- -tek beiteområda i Rauma kommune ut av forvaltningsområdet for jerv
- flyttar grensa for forvaltningsområdet for jerv austover
- tek Tingvoll-halvøya ut av forvaltningsområdet for gaupe

Fylkesutvalet ber Klima- og miljødepartementet flytte forvaltningsområdet for jerv i Møre og Romsdal over til region 3 dersom Rovviltnemnda i region 6 ikkje følgjer opp punkt 1 og 2 om grensejustering. Dette vil bidra til ei heilskapleg forvaltning av den sør-vestlege jervestammen og eit meirmålretta uttak både under lisensjakta og eventuell skadefelling slik at ein betre kan ivareta både jervestammen og beitenæringa i Rauma og Fjord kommunar. Rovviltnemnda i region 3 bør då utvidast med 1 representant frå Møre og Romsdal og sekretariatsressursar frå statsforvaltaren i Møre og Romsdal må bistå nemnda.

Saken utsettes, foreslått av Jonas Maas Nilsen, Miljøpartiet De Grønne

Saken utsettes.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Saken utsettes**

Jonas Maas Nilsen (MDG)

For: 8 stemmer (62%) - AP 2, H 2, KRF 1, MDG 1, SV 1, V 1

Mot: 5 stemmer (38%) - FRP 3, SP 2

Vedtak

Saken utsettes.

RS 12/23 Status arbeid med seriøst arbeidsliv

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Vedtak

Fylkesutvalet tok referatsaka til orientering.

RS 13/23 Oppfølging av T-107/22 Økonomiplan med handlingsprogram 2023-2026 med budsjett for 2023 - oversendingsframlegg frå Mellvin Steinsvoll (Ap)

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Vedtak

Fylkesutvalet tok referatsaka til orientering.

RS 14/23 Store tap av lam til rovvilt i Møre og Romsdal i 2023

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Vedtak

Referatsaka vart sett på sakskartet som sak PS 120/23.

PS 121/23 Godkjenning av protokoll

Fylkesutvalet 30.10.2023

Behandling

Vedtak

Fylkesutvalet godkjente protokollen frå møte 30.10.2023.